

Bø o – lag innbyr til orienteringsløp søndag 13. mai 2018 med rekruttkarusell, 1.løp. Meir info i slutten av innbydinga.

Klassar	Lengde	Nivå
H17-	7,7 km	A
H15-16, D/H40-, H50-, D17- Open lang	5,6 km	A
D15-16, D50-, H60- Open mellom	4,1 km	A
D60-, D/H70-, D/H80-, Open kort	3,0 km	A
D/H13-14, D/H15-16B, D/H17-B	3,4 km	B
D/H13-16C, D/H11-12, D/H17-C	2.4 km	C
D/H17-N, D/H13-16N, D/H11-12N, D/H-10, N-open	1.5 km	N

START: Første start kl. 11.00. Startliste trekkes. Deltakarar i klassane N – open, open lang, open mellom og open kort har fritt starttidspunkt og kan starte frå kl. 10.00. 1,2 km å gå til start langs veg og sti med 40-50 meter stigning siste del.

FRAMMØTE: Samlingsplass ved Telemarkshallen ca. 4 km nord for Bø sentrum. Merka frå fylkesveg 152 mellom Bø og Notodden. Parkering nær samlingsplass. Barnevognvennleg.

KART: Folkestadåsanane. Målestokk 1:7500 for alle unntatt den lengste løypa som får 1:10000. Ekvidistanse 5 meter. Revidert i 2018.

TERRENG: Ope og lettløpt skogsterreng med myr, svaberg og lyng.

PÅMELDING: Ordinær frist tysdag 8. mai kl. 24.00 i Eventor. Etterpåmelding innan fredag 11. mai kl. 20.00 i Eventor eller på samlingsplass innan kl. 10.00 på løpsdagen.

STARTKONTINGENT: Kr. 80 for 16 år og yngre, kr. 140 for 17 år og eldre. 50 % tillegg ved etterpåmelding. Ingen ettepåmeldingstillegg i klassar for deltakarar under 13 år. Faktura blir sendt etter løpet.

PREMIERING: Til alle i klassar opp til og med 12 år, D/H17-N og D/H13-16N . 1/3 premiering i dei øvrige 13-16 årsklassane. Til vinnarane i dei andre klassane.

KVITTERINGSSYSTEM: Emit EKT. Brikker kan leigast av arrangøren for kr 20,-.

SMÅTROLL, KIOSK OG BARNEPARK: På samlingsplass.

GARDEROBAR, DUSJ OG TOALETT I TELEMARSHALLEN. IKKJE BRUK PIGGSKO INNE I HALLEN!

LØPSLEIAR: Steinar Lande

LØYPELEGGJAR: Dag Steinar Ragvin

LØYPEKONTROLLØR: Steinar Lande

www.boolag.org



Info om rekruttkarusell, sjå neste side

Rekrutt-karusell i Midt- og Øvre Telemark 2018

Telemark Orienteringskrins inviterer saman med Bø O-lag, Høydalsmo IL og Drangedal O-lag til rekruttkarusell for alle nybyrjarar (alle N-klassar), karusellen består av tre løp:

- * Bøløpet søndag 13.mai,
- * Publikumsløpet v/ NM ultralang i Høydalsmo søndag 19.august,
- * Drangedalsløpet under KM-lang i Drangedal laurdag 1.september

Rekruttkarusellen er open for alle løparar frå alle o-laga i Telemark eller andre o-klubbar i andre delar av landet.

Alle deltakarane i rekruttkarusellen blir premiert både for kvart enkelt løp i tillegg til samanlagtpremiar til alle.

Velkomen til rekrutt-karusell!